



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Erdal	Arkivkode: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 19/418	Løpenr: 19/7244
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.10.2019	024/2019
Kommunestyret	17.10.2019	039/2019

## Økonomirapportering pr 2. tertial 2019

### 17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdaal (A) stilte spørsmål om summering av tala i tabellane i saksframlegget til økonomirapporteringa.

Økonomisjef Nina Erdal har følgjande forklaring på dette:

*"Desse tabellane har ein del fleire kolonnar enn det som er tatt med i økonomirapporteringssaka. Plassmangel er årsaka til at ikkje heile tabellen er limt inn. Eg brukte overskrifta «justert avvik» for å illustrere at tala er justert, men burde nok ha tatt med litt meir forklaring. Det tala er justert for er periodisering, dvs. når utgifter/ inntekter kjem tidlegare eller seinare enn det som er vanleg/ lagt til grunn i budsjettet. Nokre av tala er og korrigert for anna informasjon, for eks så har kommunen mottatt estimat på forventa rekneskapsresultat frå Bergen kommune (barnevern) som vil gje innsparing."Forklaring til økonomisjefen vart også sendt ut til alle som var på kommunestyremøtet 17.10.2019 i etterkant.*

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### KS- 039/2019 Vedtak:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Økonomirapportering pr 2. tertial vert tatt til etterretning og det vert gjennomført fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
<b>Driftsbudsjettet:</b>		
Redusert skatt	1 900 000	
Auka inntektsutjamning og ramme, netto		1 260 000
Auka inntekt e-skatt		490 000
Innsparing barnevern Bergen kommune		590 000
Sjukerefusjon og innsparing ansvar 2000		290 000
Innsparing private barnehagar andre kommunar		460 000
Meirforbruk barnehage	500 000	
Meirforbruk barneskule	350 000	
Mindreforbruk ungdomsskolen		150 000
Meirforbruk sjukeheim	590 000	
Meirforbruk tenester for funksjonshemma	200 000	
Mindreforbruk heimetenester		120 000
Mindreforbruk administrasjon Samfunn, utv.		180 000
Fossen Bratte	50 000	
Bruk av næringsfondet		50 000
Kontrollutval forvaltningsrevisjon	171 000	
Bruk av disposisjonsfondet		171 000
Oppgradering Agresso	100 000	
Bruk av disposisjonsfondet		100 000
<b>Investeringsbudsjettet:</b>		
Veg Nyutløytræ	1 100 000	
Veg Tveitaflatane		1 100 000
Rassikring veg til ungdomsskolen	382 000	
Liavgen		401 500
Brøyteutstyr	19 500	
Hamnaugen	110 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		110 000
Eigenkapitaltilskot KLP, redusert utgift		121 000
Finansiering ubunde investeringsfond	121 000	
<b>Kontrollsum</b>	<b>5 593 500</b>	<b>5 593 500</b>

### 03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FORM- 024/2019 Vedtak:

Økonomirapportering pr 2. tertial vert tatt til etterretning og det vert gjennomført fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
<b>Driftsbudsjettet:</b>		
Redusert skatt	1 900 000	
Auka inntektsutjamning og ramme, netto		1 260 000
Auka inntekt e-skatt		490 000
Innsparing barnevern Bergen kommune		590 000
Sjukerefusjon og innsparing ansvar 2000		290 000
Innsparing private barnehagar andre kommunar		460 000
Meirforbruk barnehage	500 000	
Meirforbruk barneskule	350 000	
Mindreforbruk ungdomsskolen		150 000
Meirforbruk sjukeheim	590 000	
Meirforbruk tenester for funksjonshemma	200 000	
Mindreforbruk heimetenester		120 000
Mindreforbruk administrasjon Samfunn, utv.		180 000
Fossen Bratte	50 000	
Bruk av næringsfondet		50 000
Kontrollutval forvaltningsrevisjon	171 000	
Bruk av disposisjonsfondet		171 000
Oppgradering Agresso	100 000	
Bruk av disposisjonsfondet		100 000
<b>Investeringsbudsjettet:</b>		
Veg Nyutløytræ	1 100 000	
Veg Tveitaflatane		1 100 000
Rassikring veg til ungdomsskolen	382 000	
Liavgen		401 500
Brøyteutstyr	19 500	
Hamnahaugen	110 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		110 000
Eigenkapitaltilskot KLP, redusert utgift		121 000
Finansiering ubunde investeringsfond	121 000	
<b>Kontrollsum</b>	<b>5 593 500</b>	<b>5 593 500</b>

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Økonomirapportering pr 2. tertial vert tatt til etterretning og det vert gjennomført fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
<b>Driftsbudsjettet:</b>		
Redusert skatt	1 900 000	
Auka inntektsutjamning og ramme, netto		1 260 000
Auka inntekt e-skatt		490 000
Innsparing barnevern Bergen kommune		590 000
Sjukerefusjon og innsparing ansvar 2000		290 000
Innsparing private barnehagar andre kommunar		460 000
Meirforbruk barnehage	500 000	
Meirforbruk barneskule	350 000	
Mindreforbruk ungdomsskolen		150 000
Meirforbruk sjukeheim	590 000	
Meirforbruk tenester for funksjonshemma	200 000	
Mindreforbruk heimetenester		120 000
Mindreforbruk administrasjon Samfunn, utv.		180 000
Fossen Bratte	50 000	
Bruk av næringsfondet		50 000
Kontrollutval forvaltningsrevisjon	171 000	
Bruk av disposisjonsfondet		171 000
Oppgradering Agresso	100 000	
Bruk av disposisjonsfondet		100 000
<b>Investeringsbudsjettet:</b>		
Veg Nyutløytræ	1 100 000	
Veg Tveitflatane		1 100 000
Rassikring veg til ungdomsskolen	382 000	
Liavgen		401 500
Brøyteutstyr	19 500	
Hamnaugan	110 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		110 000
Eigenkapitaltilskot KLP, redusert utgift		121 000
Finansiering ubunde investeringsfond	121 000	
<b>Kontrollsum</b>	<b>5 593 500</b>	<b>5 593 500</b>

### Kva saka gjeld:

Det vert rapportert til Kommunestyret på den økonomiske situasjonen pr. august 2019. Rapporten kjem i tillegg til finansrapporteringa for 2.tertial 2019. Det vert sett på inntektsområde som skatt, rammeinntekter og eigedomsskatt i tillegg til einingane sine budsjett. Kommunen bruker Kommuneforlaget sitt rapporteringsverktøy for budsjettkontroll og einingsleiarane rapporterer kvar månad. Dersom det er avvik må einingsleiarane sette i gang tiltak der det er nødvendig. Avvik skal som hovudregel løysast innafor eigne budsjetttrammer, men det er små marginar i budsjettet og noko vil det ikkje vere mogeleg å løyse innanfor rammene. Det vart i rapport pr april varsla om at det var fleire einingar som har hatt utfordringar med budsjettet og det har vore arbeid med å finne løysingar og innsparingsområde. Som ein del av dette er det frå september innført innkjøpsstopp.

### Skatt- og rammeinntekter:

Det vart for 2019 budsjettet med 1 mill. kroner meir i skatteinntekter enn det prognosane til KS viste hausten 2018. Pr august er skatteinngangen framleis lågare enn budsjett, men i motsetnad til tidlegare i år vert ikkje dette kompensert fullt ut gjennom inntektsutjamninga. Skatteveksten på landsbasis ligg framleis over årsanslaget i revidert nasjonalbudsjett, men veksten er redusert. Dette gir redusert inntektsutjamning for kommunen.

Skatt og inntektsutjamning er som alltid litt utfordrande å budsjettere. Me lagar periodisert budsjett basert på snittinntekt dei siste åra, men både skatt og inntektsutjamninga er usikre tal, i tillegg er kommunen sine inntekter frå inntektsutjamning påverka av skatteinngangen i resten av landet. Pr. august viser skatteinngangen for landet ein auke på 3,6 % samanlikna med 2018, pr mars var auken på 4,5 %. For Samnanger er auken pr august på 3,6%. For perioden januar - august 2019 ligg Samnanger på 90,7 % (91 %) av landsgjennomsnittet før inntektsutjamning og på 95,1 % (95,2 %) etter. 2018-tal i parentes.

Netto viser skatt, ramme og inntektsutjamning ein inntektssvikt på 0,6 mill. kroner pr august. Skatteinngang i september og november vil ha stor betydning for korleis dette vil bli pr 31.12.19 og mykje kan endre seg, men budsjettet bør styrkast no.

### Eigedomsskatt

Endeleg takst for Statnett er framleis ikkje ferdig. Framlegg til takst er sendt ut for gjennomsyn, men Statnett har ikkje gitt tilbakemelding. Dette betyr nødvendigvis ikkje at taksten vil bli akseptert når vedtak vert gjort seinare i haust, men samstundes så har Statnett hatt god anledning til å gje innspel dersom dei meiner at taksten er feil. Berekning viser meirinntekt på eigedomsskatt på kr 960 000. I økonomirapportering pr april vart kr 470 000 budsjettert som inntekt. Dei resterande kr 490 000 bør me ta inn i budsjettet no.

### Oppgradering Agresso (økonomi- og lønssystemet)

Kommunen har fått melding frå Evry om at Agresso må oppgraderast i haust. Me har i det lengste forsøkt å la vere å ta denne oppgraderinga sidan me skal gå over til Visma våren 2020, men det er no avklart at dette må gjerast. Kostnad blir om lag kr 100 000 og er ikkje budsjettert.

### Regionreforma

Regionreforma gjer at kommunane vil få nye kommunenummer frå 2020. Samnanger sitt nye kommunenummer vil bli 4623. Kostnad med å oppdatere matrikkel og Komtek vil kome på kr 160 000 og blir fordelt på sjølvkostområda og eigedomsskatt. Kommunen har søkt Fylkesmannen om ekstra skjønsmidlar.

**Fossen Bratte.** Det vart bestemt at det skulle vere toalettfasilitetar ved Fossen Bratte i sommar.

Dette vert avslutta i slutten av september. Total kostnad med tiltaket vil vere på om lag kr 50 000.

Dette bør finansierast med ekstraløyving frå næringsfondet.

Moglegheitsstudiet er no avslutta og dersom me skal søka om meir midlar for å kunne arbeide vidare med prosjektet, lyt me engasjere konsulent til å utarbeide søknad. Dette vil kome på ca. kr 35 000.

Kostnad kan finansierast frå næringsfondet.

**Arkiverket** var på tilsyn tidlegare i år og me har fått pålegg om å installere brann og tjuverialarm i eit arkivlokale innan 05.11.19. Kostnad er ikkje avklart og me vil kome tilbake til dette dersom det viser seg at det ikkje kan dekkast innafor budsjettet.

### Skule, barnehage og felles adm.

	Lønn og refusjon			Andre utgifter			Inntekter			Meirforbruk +
	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	sum avvik
Skule- og barnehage (adm.felles)	1 226 250	1 736 722	-510 472	3 562 277	4 376 278	-814 001	-1 647 533	-1 455 000	-192 533	-1 517 006
Barnehageeininga	11 708 850	11 447 244	261 606	427 074	184 812	242 262	-2 111 225	-2 179 600	68 375	572 243
Samnanger barneskule	13 636 502	13 171 851	214 651	1 176 839	833 895	342 944	-859 603	-868 357	8 754	566 349
Samnanger ungdomsskule	6 063 074	6 197 661	-134 587	464 969	770 833	-205 864	-107 700	-110 967	3 267	-337 184
<b>Sum oppvekst</b>	<b>32 634 676</b>	<b>32 553 478</b>	<b>-168 802</b>	<b>5 631 159</b>	<b>6 165 818</b>	<b>-434 659</b>	<b>-4 726 061</b>	<b>-4 613 924</b>	<b>-112 137</b>	<b>-715 598</b>

**Skule, barnehage (adm. felles).** Det har vore innsparing på dette området knytt til at det ikkje har vore tatt inn vikar for sjukemeld. Rådgjevar for oppvekst er no på plass frå 1.september.

50 % stillinga på PPT-kontoret stod vakant fram mot sommaren. Det var nødvendig å auke stillinga til 100 % for å få kvalifiserte søkarar og det er no tilsett ein person som starta 1.august. Innkjøpsstopp gjer og at me vil få innsparing på mellom anna kurs og reiser. Kommunen betalar for born som går i private barnehagar i andre kommunar. Denne utgifta ser ut til å bli ca kr 460 000 lågare enn budsjettert. Det er og innsparing/ meirinntekter på vaksenopplæring, men dette området vert finansiert med tilskot og fond og kan ikkje reknast inn i total innsparing. Totalt sett er det innsparing på skule, barnehage og felles adm. med kr 750 000.

**Barnehageeininga** vil ikkje kome i mål budsjettmessig. Pr august ligg dei an til eit meirforbruk. Vedtak

om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid gjer at inntektsveksten ikkje blir som budsjettet. Eininga sparar der det er mogeleg og mellom anna så går ass.styrrar inn og tek vikarvakter. Innkjøpsstoppen vil berre gje mindre innsparing då ein del av innsparinga i 2019 er tatt av desse postane. Vedtak om tilrettelegging for born vil gje auka utgifter til løn. Totalt vart eininga pålagt ei innsparing på kr 835 000, noko dei ikkje vil klare med dagens organisering. Budsjettet må styrkast med kr 500 000.

**Barneskulen** har hatt fleire utfordringar i år og sjukemeldingar har ført til auka arbeidspress. Estimert resultat viser at dei ikkje vil klare å spare inn kr 980 000 som det var budsjettet med. Barneskulen arbeider med å finne løysingar og saman med innkjøpsstopp legg me opp til at dei vil klare å spare noko. Budsjettet bør styrkast med kr 350 000 for at det skal vere realistisk.

**Ungdomsskulen** har god kontroll på budsjettet. Dei skulle spare inn kr 485 000 og dette har dei klart. I tillegg har dei litt innsparing på vikarbudsjettet pr september, men me må forventa noko vikarbruk i haust. Dei hadde planer om å kjøpe inn nye stolar mm, men innkjøpsstopp gjer at dette vert utsett til neste år. Budsjettet vert redusert med kr 150 000.

## Helse og omsorg:

	Lønn og refusjon			Andre utgifter			Inntekter			Meirforbruk + sum avvik
	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	
Helse og omsorg, adm			0		0	0			0	0
Tenester for funksjonshemma	6 292 891	6 438 134	-145 243	2 003 067	1 623 017	380 050	-252 510	-250 000	-2 510	232 297
Sjukeheim	16 012 403	15 006 698	1 005 705	2 344 321	1 934 899	409 422	-3 589 674	-2 809 580	-780 094	635 033
Heimetenester	8 693 303	8 700 000	-6 697	1 337 256	1 323 954	13 302	-819 237	-600 000	-219 237	-212 632
Nav og flyktningekontor	2 714 644	2 844 704	-130 060	2 412 030	2 147 033	264 997	-1 085 407	-1 097 000	11 593	146 530
Helsetunet	4 230 388	4 411 511	-181 123	2 440 846	2 404 750	36 096	-491 516	-591 500	99 984	-45 043
<b>Sum helse og omsorg</b>	<b>37 943 629</b>	<b>37 401 047</b>	<b>542 582</b>	<b>10 537 520</b>	<b>9 433 653</b>	<b>1 103 867</b>	<b>-6 238 344</b>	<b>-5 348 080</b>	<b>-890 264</b>	<b>756 185</b>

**Sjukeheimen** skal i 2019 spare inn kr 850 000. Dei har så lang i år hatt fleire utfordringar. Det har vore arbeid mykje med å klare å halde budsjetttrammene, men pr august ser det ikkje ut til å vere mogeleg å klare dette utan at det vert tilført midlar. Utfordringa har mellom anna vore knytt til :

- Fleire pasientar der det har vore nødvendig med 3 tilsette i stell og møte med pasient på grunn av fysisk og psykisk utagering. Det har i tillegg til auka bemanning vore sett i verk tiltak som skjerming av pasientar, kursing og kompetanseheving av tilsette mm. Mange av dei tilsette har opplevd situasjonen som krevjande.
- Mangel på sjukepleiarar har ført til meir overtidsbruk.
- Frå 01.01.19 kom det nye satsar på kveld/ helg og natt. Auken var betydeleg og var ikkje tatt nok høgde for i budsjettet. På årsbasis er det snakk om ca. kr 700 000 meir enn det som låg i budsjettet. Noko vil bli finansiert med lønsaukepott, men ikkje alt.
- Samnanger kommune ynskjer å satse på lærlingar og TAF-elevar og på sjukeheimen er det no i haust 2 læringar og 1 elev. Dette er positivt for rekruttering, men det er og ein kostnad for kommunen.
- Inntekt frå sal av plassar er no på 1 mill. kroner, budsjettet var på kr 800 000. Pr september er det ikkje utleige av plassar. Kommunen er i dialog med Austevoll og Haukeland samhandlingsavdeling er informert om at kommunen kan ha ledige plassar. Eit evt. sal av plassar vil betre den økonomiske situasjonen.

Slik situasjonen er pr no bør sjukeheimen få auka budsjetttramma med kr 590 000.

**Heimetenesta.** Det har vore arbeidd mykje med å klare å få på plass innsparinga på 1 mill. kroner i budsjettet. Vaktplanen er vurdert dagleg og vakter er halden igjen når det har vore mogeleg. Det har og vore noko innsparing fordi det ikkje har vore mogeleg å få inn vikar for sjukepleiarar. Mange eldre ynskjer å bu heime så lenge som mogeleg. Tal brukarar har auka siste året og det har vore nødvendig å auka opp tal vakter. Det har og vore nødvendig å auke stillinga for fagsjukepleiar med 42 %. Mangel på fagfolk har gitt meir bruk av mellom anna overtid. Dei nye satsane på kveld/helg og natt har og her gitt meirutgifter. Det vil bli auka utgifter til omsorgsløn resten av året.

Fleire brukarar i heimetenester og dagsenter gir og høgare inntekter. 3 av 4 leilegheiter på Tysse er no leigd ut noko som gir innsparing i budsjettet. Meir bruk av el-bil har og gitt lågare driftsutgifter til tross for at det er meir køyring. Totalt sett er det ei innsparing på ca. kr 120 000 med dagens drift og innkjøpsstopp.

**Tenester for funksjonshemma** skulle i 2019 spare inn kr 550 000. Dette har vore krevjande å få på plass og dei vil ikkje klare heile innsparinga. Så langt i år har dei hatt noko innsparing på lønn og refusjon, men med nye reglar for avlastarlønn vil utgifta her auke. For å kome i mål budsjettmessig må dei få styrka budsjettet med kr 200 000.

**Helseeininga** meiner at dei totalt sett skal klare budsjetttrammene sine. Psykolog har slutta og stillinga vert lyst ut på nytt. Erfaring frå tidlegare har vist at det ikkje er mange søkarar til denne type stillingar.

**Nav og flyktningkontoret.** Det har vore innstraming i regelverket rundt arbeidsavklaringspengar noko som har gitt kommunen auke utgifter til sosialhjelp. Eininga har gjennom prosjektet «snu i døra» arbeid med å få dei over i arbeid og/eller andre tiltak. Det er no ca. ½ parten av dei som er med i prosjektet som ikkje mottar sosialhjelp. Dette er ein reduksjon frå tidlegare i år og situasjonen er betydeleg betre. Noko usikkerheit vil det likevel vere. Pr august er målet å klare budsjetttramma.

## Samfunn, utvikling og kultur

	Lønn og refusjon			Andre utgifter			Inntekter			Meirforbruk +
	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	sum avvik
Samfunn og utvikling, adm	92 778	289 905	-197 127	3 277	0	3 277			0	-193 850
Teknisk forvaltning	4 190 853	4 152 234	38 619	2 822 635	2 995 633	-172 998	-752 364	-829 375	77 011	-57 368
Teknisk drift (eks sjølvkost)	5 146 687	5 280 354	-133 667	5 209 248	4 352 318	856 930	-1 270 351	-1 403 052	132 701	855 964
- sjølvkost	1 551 115	1 573 430	-22 315	4 583 176	4 530 181	52 995	-6 172 850	-6 277 150	63 791	94 471
Kultur (inkl.kyrkja mm)	2 517 178	2 569 876	-52 698	2 950 879	3 044 546	-93 667	-608 914	-714 686	105 772	-40 593
Konsesjonskraft mm	288 565	294 972	-6 407	1 743 909	2 352 533	1 376	-4 834 158	-4 816 000	-158	-5 189
<b>Sum samfunn, utvikling og kultur</b>	<b>13 787 176</b>	<b>14 160 771</b>	<b>-373 595</b>	<b>17 313 124</b>	<b>17 275 211</b>	<b>647 913</b>	<b>-13 638 637</b>	<b>-14 040 263</b>	<b>379 117</b>	<b>653 435</b>

Ass. Rådmann har i fleire månader hatt ansvaret for vaksenopplæringa i kommunen. Lønn knytt til dette arbeidet er ført på rett ansvar og funksjon og det er derfor innsparing på lønsutgifter på administrasjon med kr 180 000 .

**Teknisk drift** som inkluderer reinhald, skal spare inn kr 375 000 på budsjettet i 2019. Mesteparten av innsparinga har vore knytt til at reinhaldarane skal arbeide i team. Det har og vore førande at ingen skulle seiast opp. No er 60 % stilling gått over i skule og team-organiseringa er på plass. Dette vil gje innsparing ut året. Det er i budsjettet tatt høgde for brøytesesong og innkjøpsstopp. Totalt sett ser eininga ut til å klare budsjettet. Det er ikkje lagt inn margin for uføresette hendingar som ras mm.

**Teknisk forvaltning** ser totalt sett ut til å klare å halde budsjetttrammene. Dei har lågare inntekter enn forventa innafor oppmåling, her er det berre kome inn kr 160 000 av eit budsjett på kr 440 000. Innsparing på andre postar gjer at eininga ser ut til å gå i balanse

**Kultur** melder ikkje om avvik mot budsjett.

### Rådmann m/ stab, rådgjevar og barnevern

	Lønn og refusjon			Andre utgifter			Inntekter			Meirforbruk +
	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	rekneskap	Budsjett	Justert avvik	sum avvik
Rådgjevar mm	3 990 178	4 237 184	-247 006	2 758 986	2 725 897	33 089	-499 859	-490 000	-9 859	-223 776
Barnevern			0	644 881	603 333	-548 452	-598 521	-585 667	-12 854	-561 306
Rådmann og stab	3 361 819	3 372 229	-10 410	1 773 348	1 611 875	51 473	-16 221	-16 667	446	41 509
<b>Rådmannskontor og adm.</b>	<b>7 351 997</b>	<b>7 609 413</b>	<b>-257 416</b>	<b>5 177 215</b>	<b>4 941 105</b>	<b>-463 890</b>	<b>-1 114 601</b>	<b>-1 092 334</b>	<b>-22 267</b>	<b>-743 573</b>

Kommunen har, til tross for fleire henvendingar, framleis ikkje mottatt faktura for arbeidet IKT Norhordland gjorde i samband med omlegging og flytting i mars og april. Kostnader for dette arbeidet er derfor ikkje heilt avklart. Det er nødvendig å få på plass intranettet til kommunen og for å få dette til økonomisk vert oppgradering av heimesida utsett til neste år. Det vil og i haust bli kjøpt ut overtidstimar på sørvissenteret.

**Barnevern:** Me har mottatt estimat på forventa rekneskapsresultat pr 31.12.19 som viser ei innsparing samanlikna med kommunen sitt budsjett. Innsparinga vil vere ca. kr 590 000. Innsparinga er knytt til nedgang i utgifter til fosterheim og at kommunen si budsjettramme var ca. kr 190 000 for høg.

**Kontrollutvalet** har bestilt forvaltningsrevisjon på spesialundervisning. Budsjettet er på kr 160 060, kostnad vil kome på kr 331 000. Budsjettet må styrkast med kr 171 000.

**Oppsummert** så vil flytting av budsjettmidlar mellom ansvarsområde gje eit budsjett i balanse, men det er uføresette utgifter til oppgradering og Agresso og til forvaltningsrevisjon som må finansierast av disposisjonsfondet. Skatteinngangen i spesielt september og november, inkludert inntektsutjamninga, vil ha stor betydning.

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
<b>Driftsbudsjettet:</b>		
Redusert skatt	1 900 000	
Auka inntektsutjamning og ramme, netto		1 260 000
Auka inntekt e-skatt		490 000
Innsparing barnevern Bergen kommune		590 000
Sjukerefusjon og innsparing ansvar 2000		290 000
Innsparing private barnehagar andre kommunar		460 000
Meirforbruk barnehage	500 000	
Meirforbruk barneskule	350 000	
Mindreforbruk ungdomsskolen		150 000
Meirforbruk sjukeheim	590 000	
Meirforbruk tenester for funksjonshemma	200 000	
Mindreforbruk heimetenester		120 000
Mindreforbruk administrasjon Samfunn, utv.		180 000
Fossen Bratte	50 000	
Bruk av næringsfondet		50 000
Kontrollutval forvaltningsrevisjon	171 000	
Bruk av disposisjonsfondet		171 000
Oppgradering Agresso	100 000	
Bruk av disposisjonsfondet		100 000
	3 861 000	3 861 000

### Investeringsprosjekt

For **Skottabakken** er det rapportering på kvart formannskapsmøte. Budsjettramme er på kr 43,9 mill. kroner inkludert moms. Moms vil bli om lag 8,6 mill. kroner og tilskot frå Husbanken 10,5 mill. kroner. Dei forventar å vere ferdig 6.mars. Pr no viser prognosen ca. 1 mill. kroner over budsjett, men det vert arbeidd kontinuerleg med å få ned kostnadane.

Det er vedtatt at **veg til Nyutløtræ** skal driftast av kommunen. Naudsynt arbeid med å få vegen i stand er starta opp og er kostnadsrekna til ca. 1,1 mill. kroner. Midlane vert henta frå planlagt arbeid med vegen på Tveitaflatane. Arbeidet med vegen til Nyutløtræ har ført til at andre prosjekt er forsinka.

Utbetring av **veg over Tveitaflatane** vil bli utført i haust. Berre deler av det planlagte arbeidet vil no kunne utførast.

**Gangveg Hagabotnane:** Dei arbeider med å få på plass avtale med grunneigarar og ser på alternative løysingar. Mest sannsynleg vil prosjektet bli utsett til 2020

Utbetring av **veg til Hagabotnane** etter ras i 2018 er planlagt utført no i haust. Budsjettet er på kr 300 000.

**Vegen opp til ungdomsskulen** er rassikra og er kostnadsrekna til kr 382 000 og ligg ikkje inne i budsjettet.

Resterande arbeid på **Liavegen** vil bli på ca. kr 240 000 og restsum kan overførast til andre prosjekt.

**Brøyteutstyr** er bestilt og kostar kr 19 500 meir enn budsjettet.

**Sikring av bruer** (Jarland) er avhengig av låg vassføring. Det er derfor noko usikkert om arbeidet vil bli utført i haust. Budsjett kr 450 000.

**VA-Tysse** har forventta oppstart seint i haust.

**Høgdebassenget i Nordbygda** skal renoverast. Veg er på plass, men arbeidet vil bli meir omfattande enn først antatt og mesteparten vil bli gjort neste år.

**Ras- og flaumsikring på Reistad** har vore på anbod. Anbudsfristen var måndag 16.09. Så langt ser det ut til at tilboda ligg innafor budsjetttramma på 4 mill. kroner

Leilegheit i **Hamnahaugen** har behov for renovering av bad og skifte av golv. Badet må utvidast slik at det får universell utforming. Arbeidet må starta opp snarast då det må gjerast når leiligheiten står tom. Kostnadsrekna til ca. kr 110 000. Dette arbeidet ligg ikkje i budsjettet.

**Eigenkapitaltilskot KLP** vart kr 121 000 lågare enn budsjettet. Finansiering var ubunde investeringsfond.

**Sjukeheimen** arva eit hus i 2017. Netto salsinntekt 2,9 mill. kroner er sett av på fond og det er vedtatt at det skal brukast inntil kr 375 000 av dette fondet i 2019. Pengane skal brukast til nytte for bebuarar og tilsette på sjukeheimen og må vere investeringsprosjekt. Det har i 2019 vore arbeid med fleire prosjekt; mellom anna ombygging og skjerming av rom, sansehagen må tilretteleggast betre for rullestol, det skal på plass internett tilgang i alle rom, solskjerming og utskifting av nokre senger.

Framlegg til budsjettjustering i investeringsprosjekt:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
<b>Investeringsbudsjettet:</b>		
Veg Nyutløstræ	1 100 000	
Veg Tveitaflatane		1 100 000
Rassikring veg til ungdomsskolen	382 000	
Liavgen		401 500
Brøyteutstyr	19 500	
Hamnahaugen	110 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		110 000
Eigenkapitaltilskot KLP, redusert utgift		121 000
Finansiering ubunde investeringsfond	121 000	
	1 732 500	1 732 500

Fleire av investeringsprosjekta i budsjettet er forsinka. Nokre av prosjekta vil bli gjort i haust og nokre vil ikkje få oppstart før i 2020. Me vil koma tilbake med budsjettjustering på desse prosjekta i desember.

### **Disposisjonsfond**

Disposisjonsfondet var på kr 7,6 mill. kroner pr 01.01.19. Overskot frå 2018 på 1,2 mill. kroner er avsett til disposisjonsfond i tillegg til budsjettert beløp på 5,3 mill. kroner. Det er i løpet av året gjort vedtak om å bruke 2,3 mill. kroner av fondet. Vedtaka er knytt til barnevern, stilling på HR og velferdsteknologi. I investering er det budsjettert med å bruka 1,1 mill. kroner av disposisjonsfondet til overgang IKTN. Det er i denne saka lagt inn bruk av fondet med kr 271 000. Pr 31.12.19 vil det då vera 10 mill. kroner på fondet.